

VEDTEKTER



Hemsedal kommune sitt legat

1. Fylkemannen i Buskerud har 12. desember 1996 godkjent at følgjande legat vert slått saman til eit legat:
 1. De Amerikanske Hemsedølers legat
 2. Engebret Thorkildsen og hustrus legat
 3. Knut T Tuvs og hustrus legat
 4. Birgit Kveen Teigens legat
 5. Knut og Aagot Fekenes legat
 6. Ola O Eikres legat
 7. Knut I Ulsakers legat
 8. Gamborg og frues legat
 9. Mekkel H Grøndalens legat
 10. Gåve frå Anne og Ola Groset (Innjustert iflg. formannskapsvedtak 55/02)
2. Legatet sitt namn etter samanslåinga: Hemsedal kommune sitt legat.
3. Avkastninga skal nyttast til tiltak for personar busett i Hemsedal som utifrå psykiske og fysiske behov treng praktisk hjelp for å kunne ta del i aktivitetar.
4. Legatet sin grunnkapital = kr 525 364,13
5. Den årlege avkastninga av legatet skal administrerast av Hovudutval for Livsløp som er legatets styre; i perioda 2016-2020 beståande av 7. personar.
Grunnkapitalen kan ikkje nyttast til tiltak.
6. Utdeling av legatavkastning skal skje ca 15. januar kvart år etter kunnjing. Det kan utarbeidast særskilt søknadsskjema.
7. Dersom beløpet ikkje vert nytta til formålet, skal beløpet betalast attende til legatet innan 2 år frå vedtaksdato. Den einskilde søkjar skal gi kommunen ein kort rapport om kva dei tildelte midlane er nytta til innan to månader etter at dei er brukt. Dette er ein føresetnad for tildeling ved seinare søknad.
8. Vedtektene er vedtekne av Formannskapet 24.november 1999. Endring av vedtektene kan gjerast av Hovudutval for Livsløp.